


DELEGERINGSREGLEMENT FOR SVEIO KOMMUNE



Vedteke av kommunestyret 31. mars 2008 i sak KOM-021/08, revidert 18.06.12 i sak KOM-076/12.

Innholdsliste:

1. INNLEIING	4
2. GENERELT OM DELEGERINGSREGLEMENTET	5
2.1 HEIMEL	5
2.2 FØREMÅL MED DELEGERING	5
2.3 VIDAREDELEGERING	6
2.4 TILBAKEKALLING AV DELEGERT MYNDE	6
2.5 KLAGEHANDSAMING	6
2.6 KONTROLL	6
3. GENERELL DELEGERING TIL FORMANNSKAPET	7
4. PERSONALSAKER	8
4.1 PARTSAMANSETT UTVAL	8
4.2 DELEGERING TIL FORMANNSKAPET	8
4.3 DELEGERING TIL RÅDMANNEN	8
4.3.1 Tilsetjingar	8
4.3.2 Permisjonar og tenestereiser	9
4.3.3 Løn og godtgjerdsle	9
4.3.4 Anna delegering	9
5. ØKONOMI	10
5.1 GENERELT	10
5.1.1 Økonomiplanen	10
5.1.2 Perioderapportar	10
5.1.3 Rekneskapsavslutninga	10
5.1.4 Plassering av overskotslikviditet	10
5.2 BUDSJETTFULLMAKTER	10
5.2.1 Overordna føresetnadar	11
5.2.2 Budsjettendringar	11
5.2.3 Avsetjingar og bruk av disposisjonsfond	11
5.2.4. Avsetjingar til ubundne kapitalfond	11
5.2.5 Lån	12
5.2.6 Tildeling av startlån, utbetringstilskot og etableringstilskot	12
5.3 ANNA DELEGERING	12
5.3.1 Innkjøp, tilvising og attestasjon	12
5.3.2 Verdibrev	12
6. OPPVEKST OG KULTUR	13
6.1 HOVUDUTVAL OPPVEKST/KULTUR	13
6.2 SAMARBEIDSUTVAL	13
6.3 RÅDMANNEN	13
6.3.1 Skule	13
6.3.2 Bornehage	13
6.3.3 Tilskot til kulturtiltak	14
6.3.4 Anna delegering	14
6.3.5 Uttalerett	14
7. HELSE OG OMSORG	15
7.1 FORMANNSKAPET	15
7.1.1 Lov om barneverntjenester	15
7.1.2 Lov om omsetting av alkoholholdig drikk	15
7.2 HOVUDUTVAL HELSE OG OMSORG	15
7.3 RÅDMANNEN	15
7.3.1 Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.	15
7.3.2 Lov om sosiale tjenester i arbeids og velferdsforvaltningen	15
7.3.3 Lov om vern mot tobakkskader	15
7.3.4 Lov om serveringsvirksomhet	16
7.3.5 Lov om omsetting av alkoholholdig drikk	16
7.3.6 Lov om barneverntjenester	16
7.3.7 Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere	16
7.3.8 Tildeling av omsorgs- og servicebustadar	16
7.4 MEDISINSKFAGLEG RÅDGJEVANDE LEGE	16
7.4.1 Lov om folkehelsearbeid	16
7.4.2 Lov om vern mot smittsomme sykdommer	16
7.5 BARNEVERNADMINISTRASJONEN SIN LEIAR	16
7.5.1 Lov om barneverntjenester	17
8. TEKNISK OG NÆRING	18

8.1 FORMANNSKAPET	18
8.1.1 Lov om oreigning av fast eigedom	18
8.1.2 Industrikonsesjonsloven	18
8.1.3 Veglova	18
8.1.4 Lov om stadnamn	18
8.2 HOVUDUTVAL TEKNISK/NÆRING	18
8.2.1 Veglova	18
8.2.2 Plan- og bygningsloven	18
8.2.3 Konsesjonslova	19
8.2.4 Jordlova	19
8.2.5 Odelslova	19
8.2.6 Lov om skogbruk	19
8.2.7 Lov om laksefisk og innlandsfisk	19
8.2.8 Forpaktingslova	19
8.2.9 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag	19
8.2.10 Lov om akvakultur	19
8.2.11 Naturmangfoldloven	19
8.2.12 Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse mv.	19
8.2.13 Lov om erverv og utvinning av mineralressurser	20
8.3 VILTNEMND	20
8.3.1 Lov om viltet	20
8.3.2 Naturmangfoldloven	20
8.4 RÅDMANNEN	20
8.4.1 Matrikkelloven	20
8.4.2 Delingsloven (oppheva)	20
8.4.3 Plan- og bygningsloven	20
8.4.4 Veglova	21
8.4.5 Vegtrafikkloven	21
8.4.6 Forurensningsloven	21
8.4.7 Industrikonsesjonsloven	21
8.4.8 Kommunelova	21
8.4.9 Lov om brann- og eksplosjonsvern	22
8.4.10 Konsesjonsloven	22
8.4.11 Jordlova	22
8.4.12 Odelslova	22
8.4.13 Lov om skogbruk	22
8.4.14 Lov om laksefisk og innlandsfisk	22
8.4.15 Forpaktingslova	22
8.4.16 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag	23
8.4.17 Lov om friluftslivet	23
8.4.18 Lov om viltet	23
8.4.19 Lov om akvakultur	23
8.4.20 Naturmangfoldloven	23
8.4.21 Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse mv.	23
8.4.22 Lov om erverv og utvinning av mineralressurser	23
9. DELEGERING TIL ANDRE	24
9.1 RYVARDEN KULTURFYR KF	24
9.2 SVEIO BUFELLESSKAP KF	24
9.3 KARMSUND HAVNEVESEN IKS	24
9.3.1 Havne- og farvannsloven	24
9.4 DELEGERING TIL ORDFØRAR	24
9.4.1 Straffeloven	24

1. INNLEIING

Alt ansvar og mynde ligg i utgangspunktet i kommunestyret. For å få ei best mogleg organisering av verksemda og bruk av den einskilde medarbeidar sin kompetanse, må ansvar og mynde fordelast innan vedtekne rammer.

Føremålet med dette delegeringsreglementet er å oppnå effektiv sakshandsaming, klår ansvarsdeling og styrka rettstryggleik.

Delegeringsreglementet er vedteke av kommunestyret med heimel i kommunelova og særlover. Reglementet skal oppdaterast kontinuerleg etter kvart som kommunestyret vedtek endringar/nye delegeringar. Vidare skal det skje ei kontinuerleg oppdatering etter kvart som lovverket vert endra. Kvar kommunestyreperiode skal dei folkevalde føreta ei evaluering av reglementet og vurdere behovet for revisjon. Elles skjer revidering ved behov.

Reglementet må lesast og skal praktiserast ut frå ønskje om rask sakshandsaming, god service og tryggleik for dei einskilde innbuarar.

Ein syner og til reglement for Sveio kommunestyre og formannskap KOM-21/96 og vidare til «ETISKE RETNINGSLINJER FOR FOLKEVALDE OG TILSETTE I SVEIO KOMMUNE» vedtekne i KOM-40/96.

Reglementet tek til å gjelda straks. Samstundes fell alle andre delegeringsvedtak bort.

Rådmannen.

2. GENERELT OM DELEGERINGSREGLEMENTET

2.1 HEIMEL

Delegering av mynde føresett vedtak av kommunestyret i eigne reglement.

Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) gjev følgjande reglar for delegering:

- a) § 8 nr 3
Kommunestyret fastsetter selv området for formannskapets virksomhet. Kommunestyret kan tildele formannskapet avgjørelsesmyndighet i alle saker hvor ikke annet følger av lov.
- b) § 9 nr 5
Kommunestyret kan gi ordfører myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning.
- c) § 10 nr 2
Kommunestyret fastsetter selv område for de faste utvalgsirksomhet. Kommunestyret kan tildele slike utvalg avgjørelsesmyndighet i alle saker hvor ikke annet følger av lov.
- d) § 10 nr 4
Det faste utvalget kan gi leder eller arbeidsutvalg myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, dersom ikke kommunestyret har bestemt noe annet.
- e) § 13 nr 1
Kommunestyret kan selv bestemme at formannskapet, eller et fast utvalg, skal ha myndighet til å treffe vedtak i saker som skulle vært avgjort av annet organ, når det er nødvendig at vedtak treffes så raskt at det ikke er tid til å innkalle dette («hasteparagrafen»).
- f) § 23 nr 4
Kommunalt folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker, eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret har bestemt noe annet.
- g) § 24 nr 1
Kommunestyret kan tildele formannskapet, faste utvalg, styre eller administrasjonssjefen myndighet til å opprette og nedlegge stillinger og til å treffe avgjørelser i personalsaker.

2.2 FØREMÅL MED DELEGERING

- a) Effektiv sakshandsaming.
- b) Betre samordna styring.
- c) Klår ansvarsdeling mellom folkevalde organ og administrasjonen.
- d) Rettstryggleik.
- e) Politikarane får betre høve til å konsentrera seg om overordna planar og styring.

All delegert mynde til politiske organ eller rådmannen skal utøvast i samsvar med dei reglar om sakshandsaming som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk. Elles skal all delegert mynde utøvast innanfor plan- og budsjettrammer og andre reglement og retningslinjer som er vedtekne av kommunestyret, eller annan overordna kommunal mynde.

Folkevald organ, eller rådmannen, kan likevel i særskilde høve overlate til overordna organ å ta avgjerd i saka.

2.3 VIDAREDELEGERING

Delegert mynde til folkevald organ kan berre delegerast vidare dersom delegeringsvedtak eller delegeringsreglement uttrykkeleg gjev høve til dette. Normalordninga i slike saker vert difor at dersom eit folkevald organ ynskjer å vidaredelegera mynde, må dette takast opp som sak i kommunestyret og avgjerast der.

Rådmannen kan delegera sin mynde internt i administrasjonen, dersom ikkje delegeringsvedtak/delegeringsreglement set uttrykkeleg sperre for dette. Rådmannen utarbeider sjølv, innafor ramma av delegeringsmynden sin som er fastsett av kommunestyret, retningslinjer for intern delegering og utøvinga av slik delegert mynde.

2.4 TILBAKEKALLING AV DELEGERT MYNDE

Delegert mynde kan når som helst kallast tilbake, det gjeld òg for enkeltsaker. Delegering av mynde inneberer ikkje fråseiing av ansvar. Kommunestyret gir formannskap, hovudutval og partsamansett utval ansvar for til ei kvar tid å vurdera behovet for endring av gjeldande delegeringsreglement innan dei respektive ansvarsområda. Dette gjeld både delegering som er gjevne til politiske organ og til rådmannen. Når eit politiske organ finn at det er trong for endring, har det plikt til å fremje framlegg om dette til kommunestyret.

2.5 KLAGEHANDSAMING

Klager skal handsamast etter reglane i forvaltningslov og særlover.

Der det frå rådmannen si side blir gitt avslag, skal det saman med avslaget sendast ei orientering om klagerett (jf forvaltingslova § 27). I dette skal det om mogleg også leggjast ved eit skjema der ei klage kan framsetjast på ein enkel måte.

Klage på enkeltvedtak fatta av administrasjonen skal handsamast av formannskapet før dei eventuelt vert sende fylket/fylkesmann til avgjerd. Unnataket frå dette er der det går fram av særlov, eller spesifikt i dette reglementet.

2.6 KONTROLL

Kommunestyret fører gjennom kontrollutvalet kontroll med at delegert mynde vert utøvd i samsvar med reglar og intensjonar for delegering. Dette gjeld og evaluering av etablert delegeringspraksis. Kommunestyret og revisjonen skal underrettast om all vidare-/interndelegering.

Administrasjonen skal av eige tiltak orientera hovudutvala om viktige saker. Det skal etablerast rutinar som sikrar hovudutvala informasjon som er viktig for arbeidet deira. Alle høyringssaker skal gå til formannskapet som melding.

3. GENERELL DELEGERING TIL FORMANNSKAPET

Formannskapet sine funksjonar etter delegert mynde frå kommunestyret:

- a) "særskild klagenemnd" etter forvaltingslova § 28, andre ledd
- b) avgjerdsrett i hastesaker etter kommunelova § 13
- c) skatteutval
- d) partssamansett utval (7 formannskapsmedlemmer + 3 representantar frå dei tilsette)
- e) partsamansett utval er også likestillingsutval
- f) godkjenning/forkasting av framlegg til sentrale tariffavtalar og hovudavtale
- g) andre saker som vert lagt fram til formannskapet til avgjer av overordna politisk organ eller av rådmannen
- h) økonomiutval.

Formannskapet skal ha det overordna ansvaret for planlegging, miljøvern og samordning.

Saksområde som formannskapet skal avgjera eller koma med innstilling til kommunestyret:

- a) heilskapsplanlegging, kommuneplan og økonomiplan, kommunelova § 44
- b) årsbudsjett, kommunelova §§ 45 og 46
- c) leiar- og samordningsoppgåver
- d) sysselsetting
- e) interkommunalt samarbeid
- f) samferdsel/kommunikasjon, herunder uttale i saker av nasjonal og regional betydning
- g) uttale i andre saker av strategisk, nasjonal og regional betydning
- h) kommunedelplanar/områdeplanar og reguleringsplanar/detaljplanar
- i) beredskap/forsyning/energispørsmål
- j) val vedkomande kommunal representasjon der retten i lov, forskrift eller reglement er lagt til formannskapet
- k) andre saker som kommunestyret delegerer, eller som ordføraren legg fram for formannskapet.

Formannskapet får mynde til å oppretta ad hoc-utval/styringsgrupper.

Formannskapet kan innanfor sitt arbeids- og ansvarsområde delegera avgjerdsrett til rådmannen, så sant ikkje lover og forskrifter er til hinder for dette.

4. PERSONALSAKER

4.1 PARTSAMANSETT UTVAL

Partsamansett utval er kommunen sitt utval i personal- og organisasjonssaker, og utgjer det lovbestemte partsamansette utvalet som er omtala i kommunelova og hovudavtalen. Formannskapet og dei tilsette sine representantar utgjer partsamansett utval, jf KOM-21/96. Utvalet har på vegne av kommunestyret det overordna ansvar for alle saker vedrørande Sveio kommune som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Partsamansett utval vedtek:

- a) reglement for permisjonar og tenestereiser
- b) telefonreglement
- c) arbeidsreglement og andre reglement vedrørande arbeidsforhold
- d) andre saker som vert lagt fram for utvalet til avgjerd av overordna politisk organ eller av rådmannen.

Det partsamansette utvalet gjev uttale om:

- a) reglement for delegering av mynde til rådmannen
- b) personalpolitiske retningslinjer
- c) andre saker som vert lagt fram for utvalet til uttale av overordna politisk organ eller av rådmannen
- d) saker som betyr noko for verksemda innan utvalet sitt område.

4.2 DELEGERING TIL FORMANNSKAPET

Formannskapet har avgjerdsmynde i følgjande saker:

- a) om framlegg til sentrale tariffavtarar og hovudavtale skal godkjennast eller forkastast
- b) formannskapet, eller vald forhandlingsutval av formannskapet sine medlemmer gjennomfører lokale forhandlingar etter:
 - HTA (hovudtariffavtalen) kap 3 pkt 3.4.1 for rådmannen
 - HTA (hovudtariffavtalen) kap 5 for formannskapssekretæren.
- c) andre saker som vert lagt fram for formannskapet til avgjerd av overordna politisk organ eller av rådmannen.

4.3 DELEGERING TIL RÅDMANNEN

4.3.1 Tilsetjingar

I samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar og i medhald av reglement vedteke av kommunestyret, tilset rådmannen i alle stillingar der slik mynde ikkje er lagt til kommunestyret, formannskap eller tilsetjingsråd/tilsetjingsutval. Rådmannen behandlar og avgjer saker om suspensjon, oppseiing og avskjed der tilsetjingsmynde for stillinga ikkje er lagt til andre organ etter lov.

Rådmannen vedtek:

- a) organisasjons- og bemanningsplanar innan vedteken struktur

- b) omgjeriing av stillingar innanfor godkjende budsjettrammer
- c) tvistespørsmål, tolking og praktisering av avtalar og reglement o.a. som gjeld arbeidstakarane sine tilsetjings- og arbeidsvilkår.

4.3.2 Permisjonar og tenestereiser

I medhald av reglement vedteke av partsamansett utval avgjer rådmannen søknader om permisjonar og deltaking på tenestereiser.

4.3.3 Løn og godtgjerdslle

Rådmannen gjennomfører forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonane om lønns- og arbeidsvilkår for dei tilsette. Dette inneber:

- a) gjennomføra og godkjenna forhandlingar etter HTA (hovudtariffavtalen) kapittel 3, 4 og 5 med unnatak av dei stillingane som er lagt til formannskapet
- b) avgjera spørsmål om overtidsskompensasjon for arbeidstakarar som er unnateke frå reglane i Arbeidsmiljølova, regulert av HTA (hovudtariffavtalen) kap. 1 pkt. 6.3 etter dei retningslinjer som ligg føre
- c) avgjera spørsmål om godtgjersler i medhald av vedtekne reglement og avtaleverk.
- d) avgjera spørsmål om godtgjersler/utgiftsdekking på områder der kommunen ikkje har reglement dersom søknaden ikkje er av spesiell prinsipiell karakter

Rådmannen avgjer spørsmål om praktiseringa av særavtalar etter HTA.

Rådmannen fastset lønns- og arbeidsvilkår for kommunale arbeidstakarar innanfor dei rammer som er fastsett i tariffavtalen, lovverk og gjeldande vedtak.

4.3.4 Anna delegering

- a) Innanfor dei grenser som er sett i lov, og forskrift gitt i medhald til lov eller politiske vedtak, har rådmannen mynde til å fastsetja funksjonsområde for dei tilsette i kommunen
- b) Rådmannen kan godkjenna bruk av eigen bil i tenesta med godtgjersle etter dei til ein kvar tid gjeldande reglement/regulativ.
- c) Rådmannen tildeler/inndrar tenestetelefon, og gjer godtgjersle i medhald av gjeldande reglement.
- d) Rådmannen avgjer søknader om flyttegodtgjersle.
- e) Når ein arbeidstakar seier opp stillinga si, kan rådmannen godkjenna at vedkomande kan slutte før oppseiingstida er ute.
- f) Rådmannen kan opprette, eller leggja ned sysselsetjingstiltak som er i samsvar med økonomiplan.
- g) Rådmannen får fullmakt til å påleggja ein av kommunalsjefane stedfortredarteneste.
- h) Rådmannen får fullmakt til å oppretta stillingar innanfor årsbudsjett/budsjettrammer, jf elles arbeidsmiljølova § 14-9.
- i) Rådmannen får fullmakt til å godkjenna eller forkasta sentrale forhandlingsresultat vedkomande satsar for driftstilskott/takstar for privatpraktiserande legar og fysioterapeutar.

5. ØKONOMI

5.1 GENERELT

Reglementet er fastsett med bakgrunn i kommunelova og skattebetalingslova, med tilhøyrande forskrifter. Føremålet med reglementet er å leggja til rette for ei funksjonell økonomisk drift av kommunen, m.a. ved at dei økonomiske avgjerdene blir lagt til rett ansvarsnivå i organisasjonen ved delegering til folkevalde organ og til rådmannen.

I saker som ikkje er dekkja av reglementet, gjeld reglane i kommunelova og skattebetalingslova med tilhøyrande forskrifter.

5.1.1 Økonomiplanen

Kommunelova § 44

Økonomiplanen som blir vedteken etter eiga prosedyre, gjev retningsliner om kva tiltak som kan verta realisert i planperioden, og når dei kan gjennomførast. Økonomiplanen skal leggjast til grunn for alt budsjettarbeid, og også all anna planlegging. Økonomiplanen er overordna alle andre planar, og dei økonomiske konsekvensane av endringar i andre kommunale planar skal vurderast og innarbeidast i økonomiplanen.

5.1.2 Perioderapportar

Kommunelova § 47

Der skal utarbeidast tertialrapportar til formannskap og kommunestyre. Rapportane skal innehalda informasjon om og analyse av rekneskapssituasjonen i høve til budsjett og pårekna utvikling, budsjettendringar gjort av underordna organ, samt andre aktuelle opplysningar av økonomisk karakter. Ved store avvik skal det også meldast kva tiltak som er eller er tenkt sett i verk.

5.1.3 Rekneskapsavslutninga

Kommunelova § 48

Dersom driftsrekneskapen ved avslutning av rekneskapen viser eit ikkje dekkja negativt netto driftsresultat (rekneskapsmessig underskot), får rådmannen fullmakt til å gjera strykingar jamfør strykingreglane etter § 14 i forskriftene. Slikt vedtak må gjerast seinast 10. februar etter rekneskapsåret. (Formannskapet si fullmakt skal berre brukast når dei pliktige strykingane er på ein slik måte at administrasjonen etter forskriftene ikkje har fullmakt).

5.1.4 Plassering av overskotslikviditet

Kommunelova § 52

Rådmannen får fullmakt til å plassera kommunen sin overskotslikviditet etter vedteke finansreglement.

5.2 BUDSJETTFULLMAKTER

Kommunelova §§ 45-47

5.2.1 Overordna føresetnader

- a) Inndeling av budsjettet i rammeområde og skildring av budsjetttrutinane er gjort i sak KOM 09/07 datert 12.02.2007. Kommunestyret vedtek sjølv årsbudsjett fordelt med utgifter og inntekter pr. rammeområde i driftsbudsjettet og utgifter og inntekter pr. prosjekt i kapitalbudsjettet.
- b) Dei utgiftsrammene som er fastsett i årsbudsjettet til bestemte føremål (jfr. forskriftene § 10), er bindande for kommuneforvaltninga. Tilleggsøyvingar og løyvingar til føremål utanom det vedtekne årsbudsjettet skal ikkje gjevast utan at det samtidig blir gjort vedtak om korleis utgiftene skal dekkjast inn på årsbudsjettet. Viser det seg at det blir vesentleg svikt i inntektene, skal det og gjerast naudsynte endringar i budsjettet.
- c) Dei fullmaktene som blir gitt nedanfor må ikkje nyttast i strid med dei føresetnadene som er lagt til grunn frå kommunestyret si side. Nye tiltak må ikkje setjast i gong utan kommunestyret si godkjenning. Kommunestyret skal også godkjenne vesentleg utvidingar eller innskrenkingar av eksisterande tiltak.
- d) Omdisponeringar må ikkje føra til bindingar for kommunen ut over budsjettet. Vedtak om omdisponeringar i eitt organ må heller ikkje binda avgjersler som skal takast av andre organ.

5.2.2 Budsjettendringar

- a) Rådmannen har fullmakt til å gjera endringar i driftsbudsjettet innanfor rammeområdet av ikkje-prinsipiell karakter.
- b) Rådmannen og ordføraren har i fellesskap fullmakt til å disponera av avsette tilleggsøyvingar på art 14901 til utgifter av ikkje-prinsipiell karakter.
- c) Alle vedtak om budsjettendringar skal omgåande meldast skriftleg til rådmannen, med kopi til revisjonen.
- d) Vedtak om større budsjettendringar mellom einingane, innanfor same rammeområde, skal rapporterast til Formannskapet.

5.2.3 Avsetjingar og bruk av disposisjonsfond

- a) Formannskapet får fullmakt til å vedta avsetjingar til disposisjonsfond når særlege grunnar talar for det. Dette blir vedtatt i rekneskapsavslutninga og kommunestyret sitt vedtak.
- b) Rådmannen får fullmakt til å bruka av disposisjonsfond som er «øyremerket» til særskilde tiltak, (enten øyremerket av overordna organ i kommunen eller organ utanfor kommunen).
- c) Ved bruk av disposisjonsfond skal det gjerast budsjettvedtak, og bruken må ikkje vera i strid med dei generelle føresetnadene for budsjettendringar.

5.2.4. Avsetjingar til ubundne kapitalfond

Rådmannen får ved rekneskapsavslutninga fullmakt til å avsetja ikkje nytta løyvingar til kapitalføremål til fond (til kapitalføremål). Ein føresetnad for dette er at dette ikkje skapar negativt netto driftsresultat (rekneskapsunderskot) som medfører at det må gjennomførast strykningar, jfr. budsjett og rekneskapsforskriftene §14.

5.2.5 Lån

- a) Rådmannen har fullmakt til å ta opp lån som er vedtekne i budsjettet og til å refinansiera eksisterande lån, jf kommunelova § 50. Refinansiering skal ikkje medføra endring i den samla reelle tilbakebetalingstida.
- b) Søknader om ettergjeving av avdrag, renter og andre kommunale krav blir avgjort av formannskapet når beløpet ikkje er større enn kr. 100.000. Rådmannen kan avskriva uerholdelige krav der rettsleg inndrivning er gjennomført. Ettergjeving etter skattebetalingslova med forskrifter blir handsama etter eige regelverk.
- c) Rådmannen har fullmakt til å avgjera søknader om utsetjing av betaling av renter, avdrag og andre kommunale krav.

5.2.6 Tildeling av startlån, utbetringstilskot og etableringstilskot

- a) Rådmannen har mynde til å tildela startlån, utbetringstilskot og etableringstilskot av midlar som Husbanken stiller til rådvelde til slike føremål.
- b) Rådmannen har fullmakt til å inngå nødvendige avtalar med lokale bankar for innføring av startlån.
- c) Rådmannen har fullmakt til å vurdera lånefordeling mellom bank/startlån og bruk av bustadtilskot for kvar einskild søker.
- d) Rådmannen har fullmakt til å vurdera nedbetalingstid i forhold til Husbanken sine føringar ved nytt låneopptak i Husbanken.
- e) Rådmannen har fullmakt til å behandla kvar søker individuelt og vurdera nedbetalingstid og eventuell avdragsfritak i kvart einskild tilfelle.
- f) Retningslinene i sak KOM 08/03 er førande for ordninga.

5.3 ANNA DELEGERING

5.3.1 Innkjøp, tilvising og attestasjon

- a) Rådmannen har fullmakt til å inngå avtalar, under dette også rammeavtalar, om kjøp av varer og tenester etter gjeldande innkjøpsreglement.
- b) Rådmannen har mynde til å tilvisa alle utbetalningar.
- c) Rådmannen har ansvaret for å utarbeida og å fylgja opp rutinar for bestilling og attestasjon.

5.3.2 Verdibrev

Kommunestyret delegerar:

- a) til rådmannen å behandla søknadar om verdibrev i samsvar med vedtekne retningslinjer.
- b) til formannskapet å fungera som klageinstans i høve til klagar på enkeltvedtak om verdibrev.

6. OPPVEKST OG KULTUR

Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), Lov om barnehager, Lov om voksenopplæring, Lov om folkebiblioteket, Lov om lotterier m.v.

6.1 HOVUDUTVAL OPPVEKST/KULTUR

Hovudutvalet har avgjerdsmynde til:

- a) å disponera P-timane
- b) ta avgjerd i søknader om å få gå på annan skule
- c) dele ut kulturpris og kulturstipend.

Hovudutvalet er kommunen sitt bibliotekstyre, og har delegert mynde til å fastsetja reglement for folkebibliotek etter folkebiblioteklova § 4 tredje ledd.

6.2 SAMARBEIDSUTVAL

Samarbeidsutvalet har ansvar og mynde ved den aktuelle skule etter gjeldande reglement:

- a) utleige av rom i skulebygningane
- b) ta avgjerd i søknader om merkesal/engasjement i humanitære organisasjonar
- c) fag- og timebyteplanen
- d) disponering av undervisningstimetalet
- e) godkjenna plan for skulen og elevane sitt val
- f) vedta skulen sine ordensreglar
- g) disponera leigeinntektene.

6.3 RÅDMANNEN

Rådmannen får delegert avgjerdsrett i følgjande saker:

6.3.1 Skule

- a) vedta skulerute
- b) alternativ opplæring etter sakkunnig vurdering
- c) heimeundervisning og undervisning av t.d. sjuke elevar
- d) avgjere søknader om karakterfritak
- e) avgjere timeressursar til skular
- f) søknad om å få gå om igjen ein klasse/hoppa over eit klassesteg
- g) fordeling av reserverte timeressursar i løpet av skuleåret
- h) skulegong for born frå andre kommunar
- i) ta avgjerd om for tidleg eller utsett skulestart
- j) ta avgjerd i sak om rett og plikt til opplæring etter § 2-1, 4. ledd i opplæringslova
- k) ta avgjerd om tildeling av ressursar etter kap. 5 i opplæringslova
- l) løyve til å reisa på skuletur til utlandet i samsvar med vedtekne retningslinjer.

6.3.2 Bornehage

- a) avgjera søknader om dispensasjon frå utdanningskravet i barnehagane etter vedtekne retningslinjer
- b) opptak av born i kommunale barnehagar
- c) ta avgjerd om tildeling av ressursar etter kap. 5 i opplæringslova på førskuleområdet.

6.3.3 Tilskot til kulturtiltak

I den grad kommunestyret har godkjent reglement for tildeling tilskot til ulike føremål innan kultursektoren, kan rådmannen ta avgjerd i saker som gjeld:

- a) kursstønad (leiar/instruktørkurs eller utøvarkurs)
- b) tilskot til materiale og utstyr
- c) stønad til drift av lag og forsamlingshus ("kulturmidlane")
- d) tilskot til særlege tiltak for ungdom
- e) tilskot til leikeplassar
- f) tilskot vedrørande kulturarrangement.

6.3.4 Anna delegering

- a) rådmannen har avgjerdsrett ved opptak av born i kulturskulen
- b) rådmannen har fullmakt til å fordela brukstid i sentralidrettsanlegget
- c) rådmannen har fullmakt til å fordela brukstid i og utleige av Vigdartun
- d) rådmannen har fullmakt til å forskottera frå spelemiddelfond inntil kr. 100.000,-
- e) rådmannen får avgjerdsmynde til å tildela tilskot til foreiningar og lag.

6.3.5 Uttalerett

- a) løyve til oppsetting av speleautomatar etter lotterilova
- b) konsesjon for omsetnad /framsyning av film og videogram.

7. HELSE OG OMSORG

7.1 FORMANNSKAPET

7.1.1 Lov om barneverntjenester

Ansvar for det generelle førebyggjande arbeidet etter lovas § 3-1, første ledd vert lagt til formannskapet.

7.1.2 Lov om omsetting av alkoholholdig drikk

Formannskapet får delegert mynde til fastsetjing av årlege bevillingsgebyr for ambulerande skjenkeløyve.

7.2 HOVUDUTVAL HELSE OG OMSORG

Saker knytt til særleg ressurskrevjande tenester skal behandlast av hovudutval helse og omsorg med slutthandsaming i formannskapet.

Hovudutval helse og omsorg er kontrollutval for alkohollova og får delegert mynde etter alkohollova § 1-9, jf alkoholpolitiske retningsliner.

7.3 RÅDMANNEN

7.3.1 Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.

Rådmannen får delegert avgjerdsmynde i enkeltsaker knytt til individretta helse- og omsorgstenester etter denne lova, med unnatak av den mynde som er delegert til medisinsk fagleg rådgjevande lege og saker omtala i pkt 7.2 fyrste avsnitt.

Klagesaker vert, etter ny administrativ vurdering eventuelt sendt direkte til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

7.3.2 Lov om sosiale tjenester i arbeids og velferdsforvaltningen

Rådmannen gis fullmakt til å fatte vedtak om dei ytingar som lova regulerar – i samsvar med dei retningsliner som kommunestyret fastset, og rutinar for sakshandsaming som lova har bestemt.

7.3.3 Lov om vern mot tobakkskader

Rådmannen får delegert avgjerdsmynde til å føra tilsyn med at reglane som er gjevne i medhald av tobakkskadelovas § 6 vert haldne.

7.3.4 Lov om serveringsvirksomhet

Rådmannen får delegert avgjerdsmynde etter § 3 til å gje serveringsløyve mat etter uttale frå politimyndigheit og kommunelege l.

7.3.5 Lov om omsetting av alkoholholdig drikk

Jf sak KOM-054/00 og KOM-021/08. Rådmannen får delegert mynde til:

- a) vedtak om tildeling av ambulerande skjenkeløyve
- b) vedtak om tildeling av skjenkeløyve for einskildhøve etter § 1-6
- c) avgjerdsmynde etter a) og b) i samsvar med gjeldande lovverk og alkoholpolitiske retningslinjer
- d) innkrevjing av bevillingsgebyr generelt og fastsetjing av fristar for innsending av oppgåver i samband med dette.

7.3.6 Lov om barneverntjenester

Rådmannen får fullmakt til å gje faglege uttalar til reguleringsplanar/detaljplanar etter plan- og bygningslova, jf barnevernslova § 3-2 andre ledd. Omsyna etter lova vert dekt av barnerepresentanten etter plan- og bygningslova.

7.3.7 Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere

Rådmannen får delegert kommunen sin mynde til å gjere enkeltvedtak i saker om individytningar som følgjer av lova.

7.3.8 Tildeling av omsorgs- og servicebustadar

Rådmannen har avgjerdsmynde til å avgjera søknader om tildeling av omsorgs- og servicebustader. Rådmannen får og avgjerdsmynde til å seia opp leigeavtalar som er knytt til slike bustader.

7.4 MEDISINSKFAGLEG RÅDGJEVANDE LEGE

7.4.1 Lov om folkehelsearbeid

Kommuneoverlege får avgjerdsmynde i saker vedk. miljøretta helsevern omtala i lovas kapittel 3.

7.4.2 Lov om vern mot smittsomme sykdommer

Dei oppgåvene som er pålagt etter lova, herunder §§ 4-1, 4-6 og 4-9, vert lagt til kommuneoverlege.

7.5 BARNEVERNADMINISTRASJONEN SIN LEIAR

7.5.1 Lov om barneverntjenester

Barnevernstenesta sin leiar har ansvar for dei oppgåvene som er lagt til kommunen si barnevernsteneste etter lov om barnevernstenester. Barnevernstenesta sin leiar skal utøva mynda etter gjeldande retningsliner. Leiaren har mynde til å peike ut stedfortredar i leiar sitt fråver.

8. TEKNISK OG NÆRING

8.1 FORMANNSKAPET

8.1.1 Lov om oreigning av fast eigedom

Rett til å gje uttale etter § 12, 1. ledd.

8.1.2 Industrikonsesjonsloven

Formannskapet gjev uttale på vegne av kommunen i prinsipielle saker.

8.1.3 Veglova

Vedtak om eigedomsinngrep etter veglova § 50.

8.1.4 Lov om stadnamn

I medhald av § 5 andre ledd i lov om stadnamn gir kommunestyret fullmakt til formannskapet å gjera vedtak om skrivemåten i stadnamn. Vidare vert kommunen sin uttalerett etter § 6 fyrste ledd lagt til formannskapet.

8.2 HOVUDUTVAL TEKNISK/NÆRING

Hovudutvalet har avgjerdsmynde i saker innan teknisk, næring, landbruk, naturforvaltning og oppdrett av fisk og skalldyr.

8.2.1 Veglova

Hovudutval teknisk/næring skal vere kommunen sin vegstyresmakt etter § 9 tredje ledd i lova. Unnateke er likevel vedtak om eigedomsinngrep etter § 50, jf punkt 8.1.3.

8.2.2 Plan- og bygningsloven

Hovudutvalet er fast utval for plansaker etter plan- og bygningslova.

Hovudutvalet er underinstans i klagesaker etter plan- og bygningslova. Klageinstans er Fylkesmannen.

Saker om dispensasjon frå kommuneplanen er delegert til hovudutvalet.

Delegeringa omfattar også plan- og bygningsloven av 1985 der overgangsreglar trer i kraft.

8.2.3 Konsesjonslova

Saker av prinsipiell karakter ligg til hovudutvalet. Det same gjer saker om buplikt i meir enn 5 år, jf § 5 andre ledd og § 9 fjerde ledd, og saker med vilkår om buplikt etter § 11.

8.2.4 Jordlova

Saker av prinsipiell karakter ligg til hovudutvalet.

8.2.5 Odelslova

Saker av prinsipiell karakter ligg til hovudutvalet.

8.2.6 Lov om skogbruk

Saker av prinsipiell karakter ligg til hovudutvalet.

8.2.7 Lov om laksefisk og innlandsfisk

Saker av prinsipiell karakter ligg til hovudutvalet, herunder pålegg om felles forvaltning av fiskeressursane, driftsplan og bruksordning for vassdrag etter § 25 andre ledd siste punkt, samt tredje og femte ledd.

8.2.8 Forpaktingslova

Saker av prinsipiell karakter ligg til hovudutvalet.

8.2.9 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag

Saker av prinsipiell karakter ligg til hovudutvalet.

8.2.10 Lov om akvakultur

Saker av prinsipiell karakter ligg til hovudutvalet, herunder uttale i saker som gjeld konsesjon for oppdrett.

8.2.11 Naturmangfoldloven

Hovudutvalet innanfor sitt fagområde etter lova.

8.2.12 Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse mv.

Saker av prinsipiell karakter ligg til hovudutvalet.

8.2.13 Lov om erverv og utvinning av mineralressurser

Saker av prinsipiell karakter ligg til hovudutvalet.

8.3 VILTNEMNDA

8.3.1 Lov om viltet

Viltnemnda har fullmakt til å ta avgjerd i saker som gjeld:

- a) Fellingsløyve på hjortevilt etter § 16 andre ledd
- b) Samanslåing til felles viltområde etter § 37 tredje og fjerde ledd
- c) Fordeling av fellingskvote etter tvungen samanslåing av jaktområde etter § 38 tredje ledd.

Viltnemnda har fullmakt til å gje uttale i saker som gjeld:

- a) Samanslåing av jaktområde for å oppnå minsteareal for storviltjakt etter § 38 andre ledd.

8.3.2 Naturmangfoldloven

Viltnemnda innanfor sitt fagområde etter kapittel 2-3.

8.4 RÅDMANNEN

8.4.1 Matrikkelloven

Alt mynde i samband med kartlegging, deling og registrering av grunneigedom som ligg til kommunestyret i medhald av matrikkelloven med tilhøyrande forskrifter blir delegert til rådmannen, jf § 5 bokstav a i lova og KOM-081/09.

Rådmannen har mynde til å la andre få utføra kart- og delingsforretningar på sin vegne som "bestyrer", når desse oppfyller forskriftene sine krav til kvalifikasjonar.

8.4.2 Delingsloven (oppheva)

Alt mynde etter delingsloven er delegert til rådmannen for handsaming av dei saker som etter overgangsreglar krev handsaming etter gamal lovverk.

8.4.3 Plan- og bygningsloven

Kommunestyret sin mynde etter lova vert delegert til rådmannen så langt det ikkje er avgrensa av lov, med dei avgrensingar som går fram av punkt 8.2.2.

Rådmannen si mynde inkluderar:

- a) å legge planar ut til offentleg ettersyn
- b) å dispensera frå plan i enkeltsaker av ikkje-prinsipiell karakter
- c) å gjera små endringar i reguleringsplanar/detaljplanar, jf plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd.

Delegering omfattar også mynde til å ta avgjerder i samband med planprosessen, organisering og det praktiske planleggingsarbeidet, jf KOM-040/09.

Delegering omfattar ikkje vedtak om ekspropriasjon.

Kommunestyret vil vidareføra ordninga med eigen barnerepresentant for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga, jf KOM-040/09.

Rådmannen får delegert underinstanshandsaming av ikkje-prinsipielle klagesaker etter plan- og bygningslova, der møteplanen ikkje sikrar handsaming av klaga innan lovgidde tidsfristar. Klageinstans er likevel Fylkesmannen.

Rådmannen får delegert mynde til å fatte vedtak om forlenging av gjennomføringsfrist av reguleringsplanar, jf plan- og bygningslova § 12-2 femte ledd. Vedtak om å avslå forlenging er likevel ikkje delegert.

Delegeringa i punkt 8.4.3 omfattar også plan- og bygningsloven av 1985 der overgangsreglar trer i kraft.

8.4.4 Veglova

Med heimel i § 9 tredje ledd i lova, delegerer hovudutval teknisk/næring, som vegstyresmakt for kommunale vegar, alle saker av ikkje-prinsipell karakter til rådmannen. Unnateke er likevel inngrep etter veglova § 37.

8.4.5 Vegtrafikkloven

Med heimel i § 4 i lova, og §§ 21 og 22 i skiltforskriftene, vert kommunestyret sin skiltmynde delegert til rådmannen. Det same gjeld mynde etter § 6 femte ledd om avgjerd om nedsett fart ved vegarbeid og § 7 om avgjerd om mellombels køyreforbod.

8.4.6 Forurensningsloven

Rådmannen får delegert mynde til å gjera vedtak etter lova og forskriftene knytt til denne i den grad slik mynde er lagt til kommunen.

8.4.7 Industrikonsesjonsloven

Rådmannen gjev uttale på vegne av kommunen i ikkje-prinsipielle saker.

8.4.8 Kommunelova

I medhald av og med dei avgrensingar som fylgjer av § 23 nr. 4 kan rådmannen:

- a) Rådmannen får fullmakt til å selja kommunale nærings- og bustadtomter etter at kommunestyret har vedteke sak og fastsett tomteprisar. Tomteprisar skal fastsetjast i eige sak eller i samband med budsjetthandsaminga kvart år. Salsinntektene skal setjast inn på tomtefond.
- b) Selja og bortfesta annan kommunal eigedom så fremt saka ikkje er av prinsipiell karakter, samt kjøpa og festa areal, og gjera makebyte, innanfor same rammer.
- c) Fråfalle pant for lån i mindre parsellar, samt vike prioritet når dette ikkje fører med seg tapsrisiko.

- d) Samtykke i pantsetjing av kommunal eigedom (utbyggingsområde), som er førehandstildelt søkjar i h.h.t godkjend utbyggingsavtale/kjøpekontrakt. Gnr./bnr. som skal pantsetjast må vera fullt betalt i h.h.t. avtale.
- e) Inngå minnelege avtalar om rett til å leggja og ha liggjande kommunaltekniske anlegg når det ligg føre vedtak om utbygging.
- f) Stå for bortleige av areal på kontraktar inntil 10 år
- g) Stå for leige og bortleige av lokale når det ligg føre nødvendig vedtak på leige.
- h) Skrive ut eigenerklæring for grunn til vegformål, underskrift av kjøpekontraktar for sal av fast eigedom, søkja om kart- og delingsforretning og skrive ut skøyter og festekontraktar.
- i) Opptre på kommunen sine vegne ved kart- og delingsforretningar når kommunen er part.
- j) Opptre på kommunen sine vegne i saker etter grannelova.
- k) Gje anleggsbidrag til naudsynt utbygging av infrastruktur i byggjeområde.
- l) I medhald av § 23 nr. 4 har rådmannen fullmakt innan sitt ansvarsområde til å avgjera alle saker som må reknast som ikkje-prinsipielle.
- m) Søkje om frådelling, grensejustering, samanføyning og byggjetiltak på kommunal grunn.
- n) Rådmannen kan inngå avtale om dekking av skadeerstatning inntil kr. 50.000,-.

8.4.9 Lov om brann- og eksplosjonsvern

Sveio kommunestyre delegerer si mynde etter lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenet sine redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova), med tilhøyrande forskrifter, til rådmannen.

8.4.10 Konesesjonsloven

Alle saker etter lova av ikkje-prinsipiell karakter ligg til rådmannen. Det same gjer saker om buplikt inntil enn 5 år, jf § 5 andre ledd og § 9 fjerde ledd. Dette gjeld likevel ikkje saker med vilkår om buplikt etter § 11.

8.4.11 Jordlova

Saker av ikkje-prinsipiell karakter ligg til rådmannen.

8.4.12 Odelslova

Saker av ikkje-prinsipell karakter ligg til rådmannen.

8.4.13 Lov om skogbruk

Saker av ikkje-prinsipell karakter ligg til rådmannen.

8.4.14 Lov om laksefisk og innlandsfisk

Saker av ikkje-prinsipell karakter ligg til rådmannen.

8.4.15 Forpaktingslova

Rådmannen kan ta avgjerd i saker som gjeld:

- a) Godkjenning av forpaktingsavtaler etter § 4
- b) Andre tilhøve i forpaktingsavtalen der kommunen med heimel i forpaktingslova kan gripa inn i avtalen eller gjere unntak frå lova
- c) Andre saker av ikkje-prinsipiell karakter.

8.4.16 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag

Rådmannen kan ta avgjerd i saker som gjeld:

- a) Løyve til motorisert ferdsel i utmark etter § 6.
- b) Andre saker av ikkje-prinsipiell karakter.

8.4.17 Lov om friluftslivet

Rådmannen kan ta avgjerd og gje uttale på vegne av kommunen.

8.4.18 Lov om viltet

Rådmannen kan ta avgjerd i saker som gjeld:

- a) Rådmannen kan gje uttale i saker der kommunen har plikt til å gje uttale etter lova - der ikkje anna er bestemt.
- b) Rådmannen kan ta avgjerd i saker etter forskrifter med heimel i lov om viltet.
- c) Rådmannen kan ta avgjerd i andre saker av ikkje-prinsipiell karakter.

8.4.19 Lov om akvakultur

Saker av ikkje-prinsipiell karakter ligg til rådmannen. Det gjeld likevel ikkje uttale i saker som gjeld konsesjon for oppdrett.

8.4.20 Naturmangfoldloven

Rådmannen innanfor sitt fagområde etter lova, herunder løyve til uttak av vilt etter § 18 bokstav b.

8.4.21 Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse mv.

Rådmannen har mynde innanfor saker som gjeld opptak av skjelsand.

8.4.22 Lov om erverv og utvinning av mineralressurser

Rådmannen har mynde innanfor saker som gjeld steinbrot der desse går fram av kommuneplan eller godkjend reguleringsplan/detaljplan.

9. DELEGERING TIL ANDRE

9.1 RYVARDEN KULTURFYR KF

Ryvarden Kulturfyr KF er eit kommunalt føretak. Kommunestyret gir mynde til styret i samsvar med til ein kvar tid gjeldande vedtekter.

9.2 SVEIO BUFELLESSKAP KF

Sveio Bufellesskap KF er eit kommunalt føretak. Kommunestyret gir mynde til styret i samsvar med til ein kvar tid gjeldande vedtekter.

9.3 KARMSUND HAVNEVESEN IKS

9.3.1 Havne- og farvannsloven

I samsvar med Lov om havner og farvann av 17.04.2009 § 10, jf Lov av 29.01.1999 om interkommunale selskap, delegerer Sveio kommune sitt ansvar og mynde til Karmsund Interkommunale Havnevesen IKS, jf KOM-014/10.

9.4 DELEGERING TIL ORDFØRAR

9.4.1 Straffeloven

I medhald av straffelova § 79, 1. og 5. ledd vert ordførar gitt fullmakt til å be om offentlig påtale og krevje borgarleg rettskrav pådømt i straffesaker der kommunen er den fornærma part.